

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2016

Kjell Søvik sendte inn slikt forslag til årsmelding:

«Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne» (RMNF) i Hordaland hadde litt færre saker i 2015 enn i 2014. Det vart handsama 42 RS-saker og 58 PS-saker, og omfattar alt frå skulebygg, kollektivtrafikk (inkl. ferjer), høyringar, folkehelse, oppfølging av skulebruksplan, pedagogisk arkitektur. Kultur har vore nesten fråverande på sakskartet for 2015, og dette er eit av signala som viser at det er enno eit stykke veg å gå før RMNF er ein naturleg del av fylkeskommunal sakshandsaming. I årsmeldinga for 2014 er Voss vidaregåande skule trekt fram som eit dårleg eksempel på sakshandsaming, då rådet ikkje kom inn i prosessen før det nesten var for seint. I 2015 skjedde akkurat det same med Voss Gymnas, tilfeldigheit gjorde at ein oppdaga at forprosjektet skulle opp til politisk handsaming. Rådet måtte kalla inn til ei ekstra samling for å få ei orientering om prosessen, og i dette møtet kom det fram at innspel, som kunne føra til endringar, måtte koma før kontraktskriving, då det elles kunne føra til forseinkingar i prosjektet. Universell utforming ser ut til å vera godt ivaretatt i prosjektet, men prosessen er ikkje god, då RMNF nok ein gong ikkje er ein naturleg del av sakshandsaminga.

”Pedagogisk Arkitektur” er eit dokument som viser at det nyttar med god dialog på eit tidleg tidspunkt. Etter eit møte med utdanningsavdelinga og RMNF vart det frå rådet si side peika på ting i dokumentet som burde endrast. Dette vart lova, og det gjekk ikkje mange dagar før endringane var teken inn i dokumentet. Når det gjeld samferdsle, er det nokre saker som har opptatt rådet det siste året. Den eine saka er i samband med betre vegstandard, der ein får tunnell, og både syklistar og gåande må nytta tunnelen, for gamlevegen vert nedlagt. Her har rådet gjeve uttale på at ein må ha fysisk skille mellom mjuke og harde trafikkantar inne i tunnelen.

I 2015 er det gjennomført ei kartlegging av ferjekaiar i fylket, og rådet fekk ei god orientering om dette arbeidet. RMNF ga etterpå slik uttale:

punkt som ein meiner det er viktig å ha med i kartlegginga:

- Tilrettelegging ferjekai: Dekke på ferjelemmar og der ein går i land: Potane til førarhundar er ofte utsatt ved bruk av dekke med små hull i.

- Informasjon: Korleis er det ivareteke for synshemma? Til dømes med taktil skrift eller med opplesing. På same punkt meiner rådet det kan vere aktuelt å sjå på kor informasjonen er tilgjengeleg, rutehefte i eit monter, lystavle eller inne i eit venterom.

I samband med endringar av standard frå fylkesveg til kommunal veg, har RMNF i brev til fylkestinget, bede om at krav til universell utforming ikkje blir svekka, og dette vart tatt inn i fylkestinget sitt vedtak. Dette er eit resultat av korleis RMNF er samansett, med brukarrepresentantar og politikarar frå dei tre fylkesutvala. Med bakgrunn i dei sakene der RMNF ikkje har vore ein naturleg del av sakshandsaminga, vart det den 07.09.15 gjort følgjande vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.»

Kjell Håland sette fram slikt forslag:

«Rådet delegerer til arbeidsutvalet å utforme ein endeleg årsmelding på bakgrunn av utkastet som Kjell Søvik la fram i møtet.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Rådet delegerer til arbeidsutvalet å utforme ein endeleg årsmelding på bakgrunn av utkastet som Kjell Søvik la fram i møtet.